Arkiv:	
JournalpostID:	19/444
Saksbehandlar:	Ørjan Raknes Forthun
Dato:	07.11.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
003/19	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	18.11.2019
003/19	Eldreråd	18.11.2019
002/19	Utval for helse og omsorg	19.11.2019
028/19	Alver kommunestyre	28.11.2019

Forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon i Alver kommune

Vedlegg i saken:

07.11.2019	Forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon i Alver kommune	1325975
12.11.2019	Sak 40-19 fellesnemnda	1325999

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Framlegg til forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon i Alver kommune vert vedtatt

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Eldrerådet.
Saka skal til innstilling i Utval for helse og omsorg
Saka skal avgjerast i Kommunestyret

Bakgrunn

Fellesnemnda Alver vedtok 02.09.19 å sende framlegg til forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon i Alver kommune på høyring. Høyringsfrist var 04.10.19.

<u>Høyring</u>

Framlegg til forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon i Alver kommune har vore kunngjort på heimesida i Lindås, Meland og Radøy kommunar og i avisa Nordhordland. Det kom ingen innspel innan høyringsfristen 04.10.19.

Framlegg til forskrift har vore til uttale i råda i kommunane.

Meland kommune:
Eldrerådet- 33.2019 - vedtak: Eldrerådet har ingen merknader til forskrift om tildeling av

langtidsopphald i institusjon i Alver kommune
RMNF- 26/2019 - vedtak: Råd for menneske med nedsett funksjonsevne tar saka til orientering.

Radøy kommune
RMNF- 015/2019 - vedtak: Framlegg til forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon i Alver kommune vert tatt til orientering
Radøy eldreråd - 016/2019 - vedtak: Framlegg til forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon i Alver kommune vert tatt til orientering.

Lindås kommune
Eldrerådet – 023/19- Uttale: Ved plassering i institusjon eller anna buform, bør ein ta omsyn til dei pårørande slik at ein vurderer avstand mellom institusjon og heimemiljø.
RMNF - 028/19 - vedtak: Uttale frå RMNF - 16.09.2019: Ingen merknader.
Levekårsutvalet - 025/19 - vedtak: Uttale i Levekårsutvalet - 17.09.2019: Ingen merknader.

Vurdering
Det kom ikkje innspel i høyringa som gir grunnlag for endring av framlegget til forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon i Alver kommune.

Ved bruk av forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon så må kommunen også følgje pasient- og brukarrettigheitslova. Denne lova gir brukar og pårørande rett til å medverke ved utmåling av helse- og omsorgstenester, og denne retten gjeld også ved tildeling av langtidsopphald i sjukeheim. Alver kommune vil ha fire sjukeheimar med langtidsplassar. Kommunen vil alltid tilstrebe at pasientar får tilbod ved den institusjonen som etter ei samla vurdering best kan gje nødvendige og forsvarlege tenester og kor det er ledig plass. I denne vurderinga vert det også lagt stor vekt på pasienten og pårørande sine ønskjer om val av sjukeheim. Dersom kommunen, på tidspunkt for innvilging av langtidsopphald, ikkje kan imøtekomme pasienten eller pårørande sitt ønskje om bestemt sjukeheim, så vil kommunen under langtidsopphaldet arbeide for å få til ei overflytting til ønskt sjukeheim så langt som råd er.

Eldreråd 18.11.2019:

Behandling:
Fellesnemnda i Alver si handsaming av forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon i Alver kommune vart ettersendt i e-post til medlemmane i eldrerådet.

Leiar for forvaltningskontoret i Alver, Kari Hesjedal, orienterte om forskrifta og ho svara på spørsmål.

Forsikrifta har vore til handsaming i eldreråda i Radøy, Lindås og Meland. Lindås eldreråd kom med innspel om at ein må få plass på den sjukeheimen som er nærast heimen.

Eldrerådet drøfta saka.

<u>Sigurd Knudsen sette fram følgjande tilleggsframlegg:</u>
Alver eldreråd ynskjer at kommentaren frå Lindås eldreråd vil bli teken med i vidare behandling av saka (Lindås eldreråd sak 23/19).

Eldrerådet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak, med tilleggsframlegg frå Sgurd Knudsen sett fram i møtet.

ER- 003/19 Vedtak:
Framlegg til forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon i Alver kommune vert vedtatt.
Alver eldreråd ynskjer at kommentaren frå Lindås eldreråd vil bli teken med i vidare behandling av saka (Lindås eldreråd sak 23/19).

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 18.11.2019:

Behandling:
Orientering til saka v/Kari Hesjedal-avdelingesleiar Forvaltnngskontoret
RMNF støttar Eldrerådet i Lindås sin uttale frå 17.09.2019, sak 023/19 :
Ved plassering i institusjon eller anna buform, bør ein og ta omsyn til dei pårørande slik at ein vurderar avstand mellom institusjon og heimemiljø.
Ellers ingen merknader, samrøystes.

RMNF- 003/19 Vedtak:
Ved plassering i institusjon eller anna buform, bør ein og ta omsyn til dei pårørande slik at ein vurderar avstand mellom institusjon og heimemiljø.

Utval for helse og omsorg 19.11.2019:

Behandling:
Leiar for forvaltningskontoret i Alver, Kari Hesjedal, orienterte om saka.

Det vart sett fram følgjande felles framlegg som tilføying i §3:
Ved plassering i institusjon eller anna buform, bør ein ta omsyn til ønskje frå brukar/pårørande slik at ein vurderer avstand mellom institusjon og heimemiljø.
Dersom kommunen ikkje kan tilby plass i Alver skal institusjonsplass i nabokommunen vurderast.

Det vart sett fram følgjande felles framlegg om tillegg under §3 Kriterium for tildeling - etter andre avsnitt:
Brukarar sine ynskjer skal vektleggast og reglar om brukarmedverknad fylgjast.

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak med tilleggsframlegg sett fram i møtet.

HO- 002/19 Vedtak:
Framlegg til forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon i Alver kommune vert vedtatt med følgjande tillegg under §3:
Ved plassering i institusjon eller anna buform, bør ein ta omsyn til ønskje frå brukar/pårørande slik at ein vurderer avstand mellom institusjon og heimemiljø.
Dersom kommunen ikkje kan tilby plass i Alver skal institusjonsplass i nabokommunen vurderast.

Under §3 Kriterium for tildeling skal det tilføyast følgjande - etter andre avsnitt:
Brukarar sine ynskjer skal vektleggast og reglar om brukarmedverknad fylgjast.

Alver kommunestyre 28.11.2019:
Behandling:
Innstilling frå utval for helse og omsorg med endring:
Brukarar sine ynskjer **skal** vektleggast og reglar om brukarmedverknad fylgjast.
Framlegget fekk ingen røyster og fall.

Alternativt framlegg frå Sp, AP, KrF og H:

Framlegg til forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon i Alver kommune
vert vedtatt på følgjande vilkår:

Tillegg under §3:

- Ved plassering i institusjon eller anna buform, bør ein ta omsyn til ønskje frå brukar/pårørande slik at ein vurderer avstand mellom institusjon og heimemiljø.
- Dersom kommunen ikkje kan tilby plass i Alver skal institusjonsplass i nabokommunen vurderast.

Under §3 Kriterium for tildeling skal det tilføyast følgjande - etter andre avsnitt:

- Brukarar sine ønskje skal vektleggjast og reglar om brukarmedverknad følgjast.

Rådmann skal leggja fram sak om ny forskrift innan 1.7.2020 med utgreiing av m.a. følgjande endringar som kan skrivast inn:

- formålet må presisera kva Alver kommune har ansvar for og skal utføre
- lovgrunnlag
- vurderingsmoment og kriteria for tildeling av plass
- kva kartleggingsverktøy ein brukar
- kriteria knytt til saksutgreiinga for tildeling/avslag
- vurderingsmoment knytt til pasienten sine ønskje
- ansvar og vedtaksmynde i saka
- klargjering av klageinstans for vedtak
- klargjering av kriteria for å stå på venteliste

Framlegget fekk SP, AP, KRF og H vart samrøystes vedteke.

KO- 028/19 Vedtak:
Framlegg til forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon i Alver kommune vert vedtatt på følgjande vilkår:

Tillegg under §3:

- Ved plassering i institusjon eller anna buform, bør ein ta omsyn til ønskje frå brukar/pårørande slik at ein vurderer avstand mellom institusjon og heimemiljø.
- Dersom kommunen ikkje kan tilby plass i Alver skal institusjonsplass i nabokommunen vurderast.

Under §3 Kriterium for tildeling skal det tilføyast følgjande - etter andre avsnitt:

- Brukarar sine ønskje skal vektleggjast og reglar om brukarmedverknad følgjast.

Rådmann skal leggja fram sak om ny forskrift innan 1.7.2020 med utgreiing av m.a. følgjande endringar som kan skrivast inn:

- formålet må presisera kva Alver kommune har ansvar for og skal utføre
- lovgrunnlag
- vurderingsmoment og kriteria for tildeling av plass
- kva kartleggingsverktøy ein brukar
- kriteria knytt til saksutgreiinga for tildeling/avslag
- vurderingsmoment knytt til pasienten sine ønskje
- ansvar og vedtaksmynde i saka
- klargjering av klageinstans for vedtak
- klargjering av kriteria for å stå på venteliste